



Leif Himle
Våkleivbakken 42
5155 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1034 - 14/3187

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
03.03.2014

Godkjenning - oppføring av naust gbnr 41/50 - Skarpenes.

Administrativt vedtak. Saknr: 26/2014

Eigedom: 41/50
Byggjeplass: Skarpenesvegen 169
Tiltakshavar: Leif Himle
Planstatus: Reguleringsplan for Skarpenes hytteområde
Søknad om: Oppføring av naust

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad stempla motteke 25.03.2013 og supplerande dokumentasjon motteke 27.02.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av naust på gnr.41 bnr. 50 på Skarpenes.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Skarpenes Hytteområde regulert til byggjeområde for hytter. Utval for drift- og utvikling gav i møte 19.11.2013, sak UDU.086/13 dispensasjon frå gjeldande arealføremål i reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 23.02.2013. Det er ikkje motteke merknader til varselet.

Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 25.03.2013. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av naust på gnr. 41 bnr. 50 i samsvar med søknad stempla motteke 25.03.2013 og supplerande dokumentasjon motteke 27.02.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 25.03.2013.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama godkjend administrativt i medhald av delegert mynde»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:
Leif Himle

Våkleivbakken 42 5155

BØNES